

---

Saksnr: 2020/54631-5  
Saksbehandlar: Øystein Hunvik

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		12.01.2021
Fylkesutvalet		19.01.2021

**Eigarstyring Bybanen AS**

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek eigarstrategien for Bybanen AS slik den føreligg.

Samandrag

Som ledd i å klargjere den fylkeskommunale eigarskapen av Bybanen AS, har Vestland fylkeskommune som eigar av Bybanen AS utarbeidd eigarstrategi for selskapet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg: Eigarstrategi for Bybanen AS

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I samband med oppfølging av selskapskontrollen av Ferde AS og Skyttel AS har Vestland fylkeskommunen etablert tilsvarande eigarstrategi for Bybanen AS. Bybanen AS er heileigd av Vestland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen legg her fram eigarstrategi for selskapet, jf. vedlegget.

Med denne eigarstrategien vert det etablert ein rutine for jamlege eigarmøte og lagt til rette for systematisk oppfølging av eigarrapporteringa frå selskapet.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.7. Fylkesutvalet tek avgjerd i alle andre saker der avgjerdsmynde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje direkte relevant.

**Klima:** I eigarstrategien vert det stilt krav til selskapsverksemda, m.a. at selskapet aktivt tar ansvar for klimakrisa som verda ser i dag, og følgjeleg tek del i Noregs klimamål for 2030, som er å redusere utsleppa med 50-55 %, mot 1990-nivå. Selskapet skal dokumentere og rapportere på kva tiltak som er sett i verk og effekten av desse.

**Folkehelse:** Ikkje direkte relevant.

**Regional planstrategi:** Ikkje direkte relevant.

Eigarstrategien for Bybanen AS definerer kva som skal vere kjerneområdet for verksemda i selskapet. Vidare fastset den krav til styret, korleis eigaren skal utøve eigarskapen og resultatmål for selskapet. Strategien stiller også krav om rapportering til eigaren.

Framlegget legg etter fylkesrådmannen sitt syn til rette for ei aktiv eigarskapsutøving.

### Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet vedtek eigarstrategien for Bybanen AS slik den føreligg i vedlegget.